

FRÅSEGNER VEDTEKEN PÅ ÅRSMØTET TIL VOSS ARBEIDARPARTI 14.02.2021

K5, ny veg og bane mellom Bergen og Voss må få oppstart så raskt som mogeleg

Samferdsel:

«Voss Ap meiner samferdselspolitikken skal vera med på å byggje heile landet og samstundes vera ein del av det grønne skiftet. Folk må ha infrastruktur som er trygg, og rassikring må difor prioriterast. Samstundes må hovudvegane mellom dei store byane vera rusta for berekna trafikk på strekninga.

VEG:

Liv og helse må vera viktige kriteria når ein prioriterer vegar.

Dei samfunnsøkonomiske analysane som i stor grad vert lagt til grunn for prioriteringane, må også ta med liv og helse og ta med gevinst av oppgradering av eksisterande strekningar.

BANE:

Klima og miljø krev at me legg til rette for å frakta store mengder menneske inn og ut av dei store byane med bane. Bergen må også få si Inter City strekning, nemleg Bergen – Voss. Bergensbanen 4 timar mellom Oslo – Bergen må realiserast.

GODS:

Det at me flyttar gods frå veg til sjø og bane gjev oss ein miljøgevinst, og er viktig for trafikktryggleiken ved at store trailarar vert tekne av vegen.

Bergensbanen fraktar i dag ca. 55% av godset mellom Oslo og Bergen. Målet må vera å få dette talet opp i 80% igjen.

K5, ny veg og bane mellom Bergen og Voss må få oppstart så raskt som mogeleg.

Vossakort.

Me er omgitt av noko av verdas vakraste og mest tilgjengelege natur. Me har flotte anlegg. Voss Resort, Myrkdalen Fjellandsby og Voss ski- og tursenter er dei største og mest kjende.

Å oppleve desse anlegga i fullt mon kan være utfordrande økonomisk for mange. Alle anlegga tilbyr rabattar av ulike slag, og det er gjerne det som kallast årskort som gjev dei største rabattane. Det er ikkje alle som har økonomiske moglegheiter til dette, og då må ein gjerne måtte avstå frå aktivitet.

Voss Arbeidarparti vil oppmoda ulike aktørar, saman med heradet, til å forsøka å få på plass eit Vossakort som kan gjera det endå enklare for innbyggjarane i Voss herad å halde seg i aktivitet gjennom heile året.

Digitalisering skal leggjast til rette for statlege arbeidsplassar i distrikta.

Digital infrastruktur skal leggja til rette for statlege arbeidsplassar i distrikta.

Digitalisering blir brukt som eit argument for å leggja ned statlege arbeidsplassar i distrikta. Arbeiderpartiet må leggja til rette for digital infrastruktur som gjer det mogeleg å oppretthalde, men også skapa nye arbeidsplassar i distrikta. Pandemien har vist at det er fullt mogeleg å arbeide på digitale plattformer i distriktet.

Speleavhengigheit

Me må få større kontroll på utanlandske bettingselskap.

I følgje helsenorge.no, er speleavhengigheit den negative sida ved pengespel. Ca 34 000 personar er speleavhengige i Noreg. Personar som er i risiko for speleavhengigheit er personar som mottar ei form for stønad, menn og personar med låg utdanning. Speleselskap lokkar spelaren med lukrative tilbod, som at du skal få dobbel valuta for pengane du investerer. På ulike tv- kanalar er det i reklamepausane gjentakande reklame frå speleselskapa. Personar som blir speleavhengige går langt i å få tak i pengar for å oppnå gevinstar. I nokre tilfelle gjer dei også kriminelle handlingar. I nokre tilfelle har speleavhengigheita gått så langt at personen får store psykiske utfordringar og tek sitt eige liv.

Ny bustadpolitikk

I andreutkastet til partiprogram for stortingsperioden 2021 - 25 for Arbeidarpartiet, vert det slått fast at forskjellen mellom å eiga og å leiga eigen bustad er i ferd med å bli ein av de største faktorene for ulikskap i samfunnet. Bustad skal vera ein stad å bu, ikkje eit spekulasjonsobjekt.

Bustadpolitikken kan ikkje sjåast isolert frå andre delar av samfunnsutviklinga. Staten og kommunane har eit særlig ansvar for å ivareta ein heilskapleg bustadpolitikk. Arbeiderpartiet vil leggja fram ei melding om ein heilskapleg politikk, der kommunane vil få ei styrka rolle i arbeidet med å utjamna forskjeller i bustadmarknaden. Ein god bustadpolitikk er avhengig av ein velfungerande og regulert leigemarknad. Rettane til dei som leiger bustad, og er i ein pressa situasjonen, må styrkast. Ein fremtidsretta bustadpolitikk skal bidra til å jamna ut slike skilnadar. Husbanken har vore, og skal fortsatt vera, ein viktig aktør i bustadpolitikken.

Voss Arbeidarparti helsar velkomen ei slik heilskapleg satsing, og ber partiet prioritera dette arbeidet i det som vonleg blir ei ny raud-grøn regjering etter valet 13. september i år.

Voss Arbeidarparti vil løfta dette politikkområdet i inneverande år, og utnytta det handlingsrommet kommunen allereie har på området. Det må aktivt satsast på "frå leiga til eiga", buformer på tvers av generasjonane og gevinst gjennom sambruk ("gaining by sharing"). Her vil heradsstyregruppa i Voss Arbeidarparti om kort tid ta eit initiativ for å løfta denne saka inn i heradsstyret.

Yrkesskadeerstatning ved korona

For å få yrkesskadeerstatning må skaden godkjennast som yrkessjukdom som har oppstått i arbeid, på arbeidsstaden og i arbeidstida. Det er ei rekke krav som må oppfyllest. Forskrifter gir i tillegg eksempel på situasjonar som skal likestillast med yrkesskade. I samband med koronakrisa, kjem det no fram at mellom anna personell som arbeider på laboratorium, sjukehus, legekontor og andre helsearbeidsplassar naturleg er omfatta av slike reglar. Det er usikkerheit om dette vil omfatta alle som kan verta smitta på arbeid.

Voss Arbeidarparti meiner at alle tilsette som vert definerte som samfunnskritisk personell, og som me som samfunn forventar skal gå på arbeid og vert utsette for særleg smittefare i arbeidssituasjon, må dekkast av yrkesskadeordninga under pandemien.

Levande tettstader

Voss Ap ynskjer eit levande sentrum på Vangen og levande sentrum rundt om i grendene våre.

Vangen har mange kvalitetar som me ynskjer å utvikla vidare.

Det er eit ynskje om at fleire bur i sentrum frå alle aldersgrupper. Me må difor leggje til rette for gode bustader og uteareal som er attraktive møtestadar for småborn og eldre. I arbeidet med Sentrumsplanen må dette vera målet å få til. Voss Ap meiner at «formgjevaren» som no skal ut på høyring tek omsyn til at husværa skal vera klima- og miljøvennlege, og at ein legg til rette for uteareal i og utanfor husværa.

Vangen skal vera ein plass for trivnad for busetnad, handel og tilreisande.

Ute i grendene våre kan Grendautvala som kom i 2020, vere ein pådrivar for å finna gode løysingar for trivsel og framdrift.

Utdanningspolitikk - Klarer den norske skulen å ivareta mangfaldet blant born og ungdom?

Kunnskapsløftet legg vekt på grunnleggjande ferdigheiter og elevprestasjonar. Talet på elevar som får undervisning utanfor normalskulen har auka med 10 prosent dei siste fem åra, og forskarar er bekymra. I skuleåret 2020 - 2021 får 6237 grunnskuleelevar undervisning i alternativ opplæringsarena, eller i eigne faste avdelingar for spesialundervisning.

Forskarar ser på utviklinga med stor bekymring, og at det er ei utvikling i feil retning. Auka fokus på skulefaglege prestasjonar vert sett på som ei av årsakene for denne utviklinga.

Den stramme økonomien i skulesektoren kan vera ei av hovudårsakene til at elevar som elles kunne fått tilrettelagt opplæring vert overførte til spesialundervisning, som det einaste alternativet for skular og kommunar i ein pressa økonomi (i flg. professor i psykologisk psykologi Terje Ogden).

Både elevar som får spesialundervisning i eigne timar og grupper, og lærarane er dei store taparane slik situasjonen er no. Lærarane manglar både ressursar, kompetanse og eit fagleg støtteapparat til å meistre utfordringane (i flg. professor i psykologisk psykologi Terje Ogden).

Midlane til skuleverket er i all hovudsak bundne opp til talet på elevar i klassane (jf Lærarnormen). Mange av tilboda som i dag vert gjevne til dei som får undervisning utanfor normalskulen, omfattar i stor grad elevar med åtferdsvanskar. Og langt fleire gutar enn jenter. Det fins lite rom for førebygging og tidleg innsats når ressursane er bundne opp til elevtalet, og i mindre grad til kva elevmasse ein har.

Det er såleis tid for å endra kursen, slik at fleire elevar får vera ein integrert og inkludert del av normalskulen.

Born i låginntektsfamiliar

Betre vilkår for born i låginntektsfamiliar skal kjempast for gjennom ein rettferdig velferdspolitik

Fleire og fleire born veks opp i familiar med dårleg råd. Me veit at folkehelsa til borna vert dålegare ved å vaksa opp i fattigdom og levealderen vert forkorta. Born som veks opp i fattigdom er meir utsette for kreft, stress, angst og psykiske vanskar. I følgje Redd Barna påverkar det å vaksa opp i fattigdom livskvaliteten og levestandarden på nesten alle område i barnets liv. Skilnadane i Noreg aukar, og det hastar med å få gjennomført tiltak for å redusera skilnadar. Regjeringa kutta i brillestøtte til born, tannregulering, og fysioterapi. Dette er reduksjonar som er med på å auke skilnaden.

Ein rettferdig velferdspolitik vil redusera skilnadene.

Dårlege levekår reduserer borns moglegheiter til å lukkast på skulen, ha eit sunt kosthald, godt bumiljø og få tilstrekkeleg familiestøtte. Borna deltek også mindre på aktivitetar. Redd Barna seier at det er ca 100 000 born som veks opp i låginntektsfamiliar